



Bjørn Rune Kvinge  
Kvingebakkevegen 97  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2880 - 16/2843

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
01.02.2016

## Gbnr244/41 og 55 Eidsnes indre. Løyve til deling av grunneigedom. Makesifte med gbnr244/36.

Eigedom: Gnr.244 bnr.41 og 55 Eidsnes indre og gbnr244/36 Eidsnes indre  
Adresse for eigned.: 5913 Eikangervåg.  
Type tiltak: Deling av grunneigedom for makebytte  
Heimelshavar: Nordhordland Maritime Næringspark AS og Nordhordland Skogeigarlag  
Søker: Bjørn Rune Kvinge er ansvarleg søker for tiltaket.

### Saka gjeld:

Eigedommane ligg i regulert område. I samband med realisering av reguleringsplanen vert det søkt om løyve til å gjennomføre makebytte mellom dei to eigedommane.  
Det skal delast frå om lag 9000m2 areal frå gbnr244/41 og 55 for å overføre arealet til gbnr244/36.  
Tilsvarende skal det delast frå om lag 9000m2 frå 244/36 for overføring til 244/41 og 55.

### Planstatus/dispensasjonar:

Parsellane ligg i regulert område. Tiltaket fører ikkje til at bruken av areala vert endra. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

### Nabovarsling:

Nabovarsling er gjennomført, og det er ikkje komme merknad frå nokon nabo.

### Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Tiltaket gjeld makebytte av areal. Tiltaket fører ikkje til endringar i høve til tilkomst, vassforsyning og avløp. Desse tiltaka vert utforma i samsvar med reguleringsplanen i samband med utbygging.

### VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 vert det gjeve løyve til å dele frå om lag 9000m2 frå gbnr244/41 og 55 slik det er søkt om. Parsellen skal overførast til gbnr244/36.  
Det vert på same måte gjeve løyve til å dele frå om lag 9000m2 frå gbnr244/36. Parsellen skal overførast til gbnr244/41 og 55.  
Deling skal gjennomførast i samsvar med kart vedlagd søknaden om deling merkt med vedlegg F1.



**Grunngjeving for vedtaket:**

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld makebyte mellom to eigedommar som i gjeldande plan er regulert til industriføremål. Areal som skal skifte eigar er like store. Tiltaket endrar ikkje på tilhøva for tilkomst, vassforsyning eller avløp. Tiltaket vil gjere kvar av dei involverte eigedommane meir høvelege for tiltak etter at makebyttet har funne stad.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommane som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigdommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Tiltaket er i samsvar med godkjend bruk.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

**Gebyr:**

Søknaden om deling kom inn til kommunen 7.august 2015. Gebyr vert sendt ut i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ gjeldande for 2015:

Deling i samsvar med arealføremål, men grensene er ikkje fastsett i planen kr.6200,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak, og partane har høve til å klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker frå dei fekk melding om avgjerda. Jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Bjørn Rune Kvinge

Kvingebakkevegen 5981  
97

MASFJORDNES